



Fedje kommune

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 05.04.2022
Møtestad: Skarvøyana/Slissøyana Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 20:00

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjarte Villanger, Dagrun Gunnarson, Olav Mongstad

Sakliste

Saknr	Tittel
029/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
030/22	Godkjenning av møtebok
031/22	Referatsaker
032/22	Delegerte saker
033/22	Delegerte saker teknikk og miljø
034/22	Tilsetjing av kommunedirektør 2022
035/22	Ominnreiing av Gamlebankjen og ventilasjon på kommunehuset
036/22	Budsjettrullering ved årsavslutning 2021
037/22	Spørsmål om mottak av flyktningar frå Ukraina
038/22	Søknad om skjenkeløyve, Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907
039/22	Søknad om endring av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS
040/22	Søknad om fritak frå krav om meny/ á la carte-meny for skjenkeløyvet til Landsbykafeen
041/22	Medlemskap i Trygg Trafikk for Fedje kommune.
042/22	Eventuelt formannskapet 05.04.2022

029/22: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 029/22 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

030/22: Godkjenning av møtebok

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 030/22 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

031/22: Referatsaker

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

Kommunedirektør informerte munnleg om

- lokale til historielag og ungdomsklubb. Ingen ledige lokale i Fedje kommune pr. idag.

Kommunedirektøren vil kalle inn representantar for ungdomsklubben til eit møte.

- samtalar med Kystverket om Hellisøy fyr. Kystverket skal godkjenne framleigeavtalar med andre

utleigarar. Kystverket ønskjer tilleggsavtale med kommunen om vedlikehald av bygningane på Hellisøy.

Kamilla Karslen spurte om sjukefråværsstatistikken. Kommunedirektør informerte.

F - sak 031/22 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

032/22: Delegerte saker

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 032/22 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

033/22: Delegerte saker teknikk og miljø

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 033/22 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

034/22: Tilsetjing av kommunedirektør 2022

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 034/22 Vedtak:

Berit Rystad vert tilsett som kommunaldirektør i Fedje. Ho startar i stillinga 25. juli. Lønna ved tilsetjing er 1 070 000 kr i årslønn.

Samrøystes vedteke.

035/22: Ominnreiing av Gamlebankjen og ventilasjon på kommunehuset

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 035/22 Vedtak:

Kommunedirektøren kjem tilbake til formannskap og kommunestyre med ei sak om ombygging av Gamlebankjen og kommunehuset. Saka skal innehalde både planteikningar og prisoverslag. Formannskap og kommunestyret vil vurdere kva eventuelle budsjettmessige endringar som då må gjerast.

Samrøystes vedteke.

036/22: Budsjettrullering ved årsavslutning 2021

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 036/22 Vedtak:

Budsjettet vert endra i tråd med tabellane i saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

037/22: Spørsmål om mottak av flyktningar frå Ukraina

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 037/22 Vedtak:

Fedje kommune vil ta imot 30 ukarinske flyktningar slik IMDI ber om. Kommunedirektøren får i oppgåve å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som kommunen treng for å kunne gi flyktningane eit velfungerande butilbod i Fedje.

Kommunedirektøren får og fullmakt til å inngå leigeavtalar om eventuelle bustader til formålet. Kommunedirektøren har og fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til formålet slik det går fram av lovverk og i saksutgreiinga i denne saka.

Fedje kommunestyre er klar over at mottak av 30 flyktningar også kan medføre familiegjenforening som kjem i tillegg til dei 30 det vert gjort vedtak om. Fedje kommunestyre er positiv til dette.

Samrøystes vedteke.

038/22: Søknad om skjenkeløyve, Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:**F - sak 038/22 Vedtak:**

Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907 får skjenkeløyve for gruppe I, II og III i lokala som er merka "spisested" inne i "Løa" og skjenkeløyve på uteområdet som er merka på teikninga. Jostein Husa får skjenkeløyve med følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl. 02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkestaden skal ha fast meny eller à la carte-meny.

Løyvet gjeld frå 08.04.2022 til og med 30.09.2024. Styrar for løyvet er Jostein Husa, avløysar for løyvet er Linda Husa.

Samrøystes vedteke.

039/22: Søknad om endring av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS**Formannskapet 05.04.2022****Behandling:**

Feil i sakspapiret oppdaga. Siste avsnitt i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak skal vere: *Fedje kommune ber om at Landsbykafeen og/eller Feddie Distillery snarast, og seinast innan 01.08.2022, søker om ny skjenkestyrar på eit av skjenkeløyva.*

Endringsframlegg frå Stian Herøy (H):

Det vert gjort følgjande endring i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Det vert gjort følgjande mellombelse utviding av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022 t.o.m. 30.09.2022:

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert mellombels innvilga fordi det er mindre enn 50 meter mellom skjenkestadane, utan større hindringar i mellom.

Grunngjeving: Fedje kommune ønskjer at det er ulike skjenkestyrarar på ulike løyve, og at det er eit lokale pr. faste skjenkeløyve for å sikre forsvarleg tilsyn med etterleving av alkohollova.

Endringsframlegg frå Kamilla Kalsen (Ap):

Det vert gjort følgjande endringar i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Landsbykafeen AS får ikkje utvida skjenkeløyvet til også å gjelde Pernille/Muren 4. Grunngjeving: Alkohollova § 4-2 4.ledd seier at eit skjenkeløyve gjeld eit bestemt lokale. Om ein ønskjer alkoholskjenking her, må søkjar søkje om eige skjenkeløyve for lokalet Pernille/Muren 4.

Framlegg frå Herøy vart sett opp mot framlegg frå Karlsen. Herøy sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 2 røyster. Kamilla Karlsen og Marit Øien røysta for Karlsen sitt framlegg til vedtak.

Ingen røysta for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

F - sak 039/22 Vedtak:

Det vert gjort følgjande endring i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:
Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Det vert gjort følgjande mellombelse utviding av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022 t.o.m. 30.09.2022:

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert mellombels innvilga fordi det er mindre enn 50 meter mellom skjenkestadane, utan større hindringar i mellom.

Grunngjeving: Fedje kommune ønskjer at det er ulike skjenkestyrarar på ulike løyve, og at det er eit lokale pr. faste skjenkeløyve for å sikre forsvarleg tilsyn med etterleving av alkohollova.

Vedteke med 3 mot 2 røyster. Stian Herøy (H), Bjørn Solbakk (Frp) og Hans Erik Waage (Ap) røysta for framlegget.

040/22: Søknad om fritak frå krav om meny/ á la carte-meny for skjenkeløyvet til Landsbykafeen

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 040/22 Vedtak:

Landsbykafeen AS får ikkje dispensasjon frå kravet i *Alkoholpolitisk Plan for Fedje kommune, Del II Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Fedje kommune* om fast meny/à la carte-meny for faste skjenkeløyve. Kravet gjeld alle lokasjonar i skjenkeløyvet.

Samrøystes vedteke.

041/22: Medlemskap i Trygg Trafikk for Fedje kommune.

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

F - sak 041/22 Vedtak:

Fedje kommune melder kommunen inn som medlem i organisasjonen Trygg Trafikk.

Samrøystes vedteke.

042/22: Eventuelt formannskapet 05.04.2022

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

Kamilla Karlsen (Ap):

Opplæringskontoret i Nordhordland ønskjer å kome på besøk i eit kommunestyre for å gjere Fedje kommune til ein tryggare og meir forutsigbar lærebedrift.

Hans Erik Waage (Ap):

Vi har tidlegare etterlyst ferdigstilling av breiband i lokala til ungdomsklubben. Då fikk vi vite at dette skulle vere på plass til 1. mars. Korleis ligg dette an no, og når kan ein forvente at det er på plass?

Ordførar svarte:

08.11.21 **Rådmannen tinger** internett frå Atea. Må leggje inn fiber. Avtale 2490 kr/mnd, ingen etabelringskostnad, bindingstid 36 mnd

Fekk munnleg beskjed om måtte forvente 2-3 mnd. Informert om til leiar arbeidsgrupppa for

ungdomsklubb Thea Blomvågnes 15.11.21

04.02.22 **Purring på levering** frå Dagrún Gunnarson

07.02.22 Førebels svar frå Atea, viser vidare til anna avdeling

15.02.22 **Ny purring** sendt frå Dagrún Gunnarson

16.02.22 Svar på purring frå Atea/Telenor med ferdigdato 25.02.2022

16.02.22 Spørsmål frå Dagrún Gunnarson om det betyr at me kan bruke frå 25.02.22

17.02.22 Nytt svar frå Atea med henvising til mange underleverandørar. Skriv at linja «nok ikkje vert levert før ut i mars månad». Skal undersøke om mogleg om mellombels mobilnett. Høyrer ikkje meir om dette etterpå.

07.03.22 **Ny purring** frå Dagrún Gunnarson. Fiber vart lagt inn i veke 9, men manglar ruter/boks inne.

07.03.22 Nytt førebels svar frå Atea, skriv dei ventar på tilbakemelding frå Telenor

14.03.22 **Ny purring** frå Dagrún Gunnarson – ingen svar motteke.

Avventar no om me skal forsøke å seie opp avtalen på trass av bindingstida på grunn av manglande levering, sidan huset skal selgjast.

Det er eit ønske frå formannskapet at kommundirektøren avventer å seie opp avtalen.

Bjørn Solbakk (Frp):

Status sommarskule/Forskarfabrikken? Kommunedirektør informerte. Informasjon til målgruppa gått ut i går og i dag. Pris kommunen: 75 000 kr. Pris deltakarar 990 kr for Fedjingar, kr 1990 for andre.

F - sak 042/22 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.
